



Introduksjon til etterlate manus av Hans Try (1934–1990)

Bjørg Seland

Professor emeritus, historie, Institutt for religion, filosofi og historie, Universitetet i Agder
bjorg.seland@uia.no

Da historikaren Hans Try døyde i 1990, berre 55 år gammal, let han etter seg fleire uferdige arbeid. Frå 1982 og fram til han i 1987 tok over stillinga som statsarkivar i Kristiansand, var han tilsett som forskar på det fellesnordiske prosjektet *Frå ‘Association’ til masseorganisasjon*, støtta av Norges allmennvitenskapelige forskningsråd (NAV).¹ Da han blei statsarkivar, fekk han mindre tid til reint historiefagleg arbeid, og da han ikkje lenge etter blei alvorleg sjuk, blei fleire godt utarbeidde manuskript berre liggande. Leiv Mjeldheim (1929–2011), som leia den norske delen av ‘assosiasjonsprosjektet’, sørga for at manus til ein monografi om tidleg foreiningsliv i Søgne kunne publiseraast i 1992. Med grunnlag i lydbandopp-tak av eit foredrag ved Hans Try, har Stein Tveite dessutan skrive ut og i 1996 publisert ein artikkel om Thrannerørsla på Agder.²

Artikkelen som no kan trykkast, er altså det tredje arbeidet av Hans Try som blir publisert posthumt. Utkastet har tittelen «Det store bryllaupet på Reiersdal». Manuskriptet er ikkje datert; versjonen som kan lesast i dette nummeret av *Heimen*, blei lagt fram på eit seminar i tilknyting til assosiasjonsprosjektet ein gong rundt midten av 1980-talet. Try brukte også dette stoffet i eit foredrag han heldt på årsmøtet for Agder historielag i 1983.³ I den publiserte versjonen har eg valt å nytte den meir presise tittelen han sjølv ga foredraget: «Det store bryllaupet på Reiersdal i 1820. Ein sosialhistorisk studie».

Ved sida av forskarstillinga han hadde på assosiasjonsprosjektet, var Try på 1980-talet norsk leiar for Skagerrak–Kattegat–prosjektet, også dette eit fellesnordisk prosjekt støtta av NAV. Framveksten av frivillig foreiningsliv var eit sentralt tema også her, men prosjektet dekte eit langt breiare felt av kulturutvikling i sørskandinaviske kystområde på 1800-talet.⁴ I mykje av forskinga han dreiv for desse prosjekta, arbeidde Try med å avdekke strukturelle endringsprosessar i overgangen mellom tradisjon og modernitet. Kjeldegrunnlaget var

1. NAVF blei i 1992 innlemma i Norges forskningsråd (NFR).
2. *Foreningsliv i Søgne på 1800-talet*. Øvre Ervik: Alvheim og Eide (1992); «Thrannerørsla på Agder», i Stein Tveite (red.): *Bøndene mot borgarstaten. Årbok / Vest-Agder Fylkesmuseum*, (1996).
3. Hundstad, Dag 2015: *Agder historielag 1914–2014 – En lokalhistorisk reise*. Kristiansand: Agder historielag, s. 395.
4. Sjå Gustavsson, Anders, Poul Holm og Hans Try (red.): *Meddelelser fra Skagerrak–Kattegat–prosjektet* (skriftserie) 1982–1987, og Holm, Poul 1991: *Kystfolk. Kontakter og sammenhænge over Kattegat og Skagerrak ca. 1550–1914*. Esbjerg: Fiskeri- og Søfartsmuseet.

oftast kvantitativt materiale, aggregert i stordata. Mål og metode er speglar i artiklane han skreiv, der framstillinga – klar og velskriven som alt frå hans hand – får støtte i ei rekke grafiske kart og figurar.

Artikkelen som her blir publisert, er av ein annan karakter. Den bygger på ein nærstudi av hendingar i eit lokalsamfunn, og framstillinga har gjennomgåande eit narrativt preg. Som i bindet han skreiv til Cappelens norgeshistorie,⁵ viser Try også her sine evner som formidlar: Han beherskar forteljarkunsten, men han veit også å spenne opp eit vidare fagleg lerret. Nesten saumlaust feller han inn sine eigne reflektive og analytiske kommentarar.

Emnet Try her tar fatt i, har vore lite omtalt i faglitteraturen: tiltak for å motarbeide «Overdaadighed» og «Luxus» mellom allmugen. Dette er eit felt han gjerne ville ha utvikla vidare. Som timelonna assistent på assosiasjonsprosjektet systematiserte eg i si tid ein del materiale Try sjølv hadde samla med tanke på framtidig fagleg arbeid. Kan hende er dette notat som enno er bevart mellom Try sine etterlatne papir, men trass i velvillig innsats frå familien har det så langt ikkje vore mogleg å finne dei.⁶ Referansane som her er tilføydd i Trys manus, må derfor meir einsidig byggast på det som er tilgjengeleg av faglitteratur.

Artikkelen tar utgangspunkt i eit lokalt kasus frå Øvrebø i Lister og Mandals amt, der fleire bønder på initiativ av lensmannen i 1815 hadde skrive under på ein avtale om at det skulle bli slutt på skikken med «skålebryllaup»; dvs. at ein venta gjestene kvitterte for invitasjonen med å gi pengar – som gjerne blei samla i ei skål – kvar etter evne og skyldskap. Ein tilsvarande avtale blei underteikna av bønder i nabosoknet Hægeland.⁷

Try fortel så om eit «drusteleg» bryllaup på garden Reiersdal i Øvrebø hausten 1820, eit bryllaup som fekk rettsleg etterspel da lensmannen klaga brudeparet, vertskapet og gjestene for brot på den fem år gamle overeinskomsten om sparsesmd og måtehald.

Klagen blei tatt vidare til stiftamtmannen, som meinte det var skilleg grunn til å opne straffesak. I rettssaka som følgde, måtte brudgommen gjere greie for kor mange dagar feiringa hadde stått på, kor mange gjester der var og kva som hadde gått med av korn og slakt og drikkevarer. Han måtte også oppgi kva brudeparet hadde fått av pengegåver «i skåla».

Kjeldematerialet røper også litt om motsetningar mellom dei leiande aktørane i retten. Stiftamtmannen hadde rett nok gått inn for at det skulle reisast søksmål, men mykje tyder på at embetsmenn på lågare plan har meint at påtalemakta hadde ei därleg sak. Her får vi eit fornøyeleg innblikk i korleis dommaren gjennom utpønska taktikk ga fintar både til ein overivrig lensmann og til overordna embetsmenn – for deretter å frifinne bøndene. Men Try er framfor alt opptatt av å forstå allmugen sine haldningar til øvrigheta i overgangen mellom det gamle bygdefellesskapet og det moderne organisasjonssamfunnet.


Try hadde altså eit ønske om å gå vidare på dette feltet, med utforsking av det lokale nivået i Norge på 1800-talet. Han meinte det ville vere interessant å studere desse avtalane – m.a. omtalt som «Contracter» eller «Foreninger» – opp mot dei nye samanslutningane som i 1830- og 1840-åra fekk form gjennom det moderne konseptet for frivillig organisering.⁸ I artikkelen «Det store bryllaupet på Reiersdal» gjer han oppriss til ei drøfting av denne problematikken.

5. *To kulturer, en stat, 1851–1884*, i Knut Mykland (red): *Norges historie*, bd.11, Oslo: Cappelen (1979).

6. Kontaktperson for familien: Anne Marie Try Laundal.

7. Frå 1805 utgjorde Øvrebø eit prestegjeld med tre sokn: Øvrebø, Vennesla og Hægeland. I 1905 blei det bestemt at Vennesla skulle vere hovudsokn i prestegjeldet.

8. Try, Hans 1985: *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge: forskningsoversyn og perspektiv*. Øvre Ertvik: Alvheim og Eide, s. 10 f. og 20 ff.



Bilde 1 Hans Try (1934–1990)

Foto: *Fædrelandsvennen* 1985

Try har truleg fått kjennskap til saka i Øvrebø gjennom bøkene til lokalhistorikaren Jon Åsen.⁹ Her har han også fått ei grei føring til dei mest sentrale kjeldene, både for kontrakten av 1815 og for det rettslege etterspelet som følgde bryllaupet i 1820. Men i sjølve manuskriptet finn vi berre omtrentlege referansar. Dette var sjølv sagt noko Try sjølv ville ha vore omhyggeleg med å få på plass før han tok steget vidare mot publisering. Med god hjelp av historikarane Thomas Olsen og Roger Tronstad, begge arkivarar ved Statsarkivet i Kristiansand (SAK), har det latt seg gjere å spore opp det rettslege kjeldematerialet Try har bygd si framstilling på.¹⁰ Når det gjeld meir sentrale bakgrunnskjelder, som kongelege forordningar mm., har eg fått god oppfølging gjennom Riksarkivets publikumsteneste. Der det enkelte stader skulle ha vore vist til andre typar kjeldemateriale, er dette søkt oppklart og kommentert i noteverket.

9. Delar av Trys ordval tyder på at dette i alle høve har vore eitt av hans forelegg. Sjå Åsen, Jon 1951: *Øvrebø-boka*, bd. 1. *Gard og ætt*, s. 454 f. og Åsen, Jon 1967: *Øvrebø-boka*, bd. 3. *Kultursoga*, s. 702 ff. Utgjevar for begge bind: Øvrebø sogelag. Sjå også Hundstad, Dag 2015: *Agder historielag 1914–2014: en lokalhistorisk reise*. Kristiansand: Agder historielag, s.152 f.

10. Hovudkjeldene er å finne i Statsarkivet i Kristiansand:
Mandal sorenskriveri, Fa, 0037 Tingbok nr. 35, 1816–1825, fol. 334b; 335b–336a.
Mandal sorenskriveri, Fj, 0026 Saksdokumenter 1821.
Stiftamtmannen i Kristiansand, 127–0005, brev fra fogderiene, eske 925, Mandal fogderi 2. kvartal 1821.